

UNIT Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning  
7030 Trondheim

postmottak@unit.no

## Ny digitaliseringsstrategi for universitets- og høgskulesektoren

Høgskulen på Vestlandet takkar for høvet til å gje innspel til ny digitaliseringsstrategi. Vi er ikkje medlem i digitaliseringsstyret, men representerte i tre av fagutvala, og mange av våre synsmåtar vert formidla gjennom det arbeidet.

Vi ser det som nyttig å få høve til å peike på nokre punkt. Vi er særleg opptekne av å peike på at UH-sektoren er mangfaldig, og at strategiske val ikkje bind dette mangfaldet i for smale rammer og prosessar.

Innhaldet i dette innspelet er basert på respons frå administrative og faglege miljø. Corona-situasjonen vi og andre har opplevd i vår, har sjølvstapt prega i kva grad faglege og administrative einingar har hatt høve til å gjennomføre grundige drøftingar knytt til noverande strategi.

Difor er det ei generell oppfatning hos oss at den kommande strategien må bygge på erfaringane frå dei siste 8 vekene, i tillegg til den grundige teoretiske og erfaringsbaserte kunnskapen den elles må bygge på. Vi har opplevd at val av fysiske rammer, prosedyrar, teknologi, innhald i roller og struktur, samt åtferd og kultur har blitt påverka av dette. Noko av det kan vi hauste varig læring av.

Våre innspel følgjer disposisjonen i invitasjonen.

## Kva for digitale moglegheiter og utfordringar innan utdanning, forskning og hos institusjonane bør løftast fram i digitaliseringsstrategien?

Tilbakemeldingane frå våre einingar peiker på tre særlege forhold:

- Teknologien må medverke til å styrke ein nasjonal institusjonell struktur for deling av informasjon som kan bli til kunnskap – «frå data til meningsfull innsikt»
- Val av utvikling av slik teknologi er i seg sjølv kunnskapsutviklande, og må opplevast som å vere rimeleg distribuert i sektoren. Viss ikkje vil viljen til å dele bli råka.

- Grensene for UH-sektoren er perforerte og i endring

I HVL er fagleg og administrativt tilsette opptekne av at ein ny strategi må legge til rette for at dei overordna samfunnsmessige oppgåvene sektoren har, vert styrka. Det handlar om kunnskapsvekst, effektiv ressursbruk og rimeleg rettvis fordeling av tilgangen på ressursar for studentar og tilsette på tvers av institusjonar.

Etableringa av nasjonale løysingar som skal vere felles må i størst mogeleg grad skje samstundes, slik at både informasjonstilgang, systemressursar og vilkår for mobilitet vert ein realitet for alle, på same tid.

Det kan sjå ut som at kommande strategidokument går lengre i å gripe inn i kjerneprosessane undervisning og forskning enn førre dokument la opp til. I den grad det gjer det, grip ein sterkare inn i konkurransefeltet institusjonane imellom. Det krev særleg aktsemd i utforminga av digitaliseringsstrategien, slik at finansieringsmekanismen knytt til prosjekt eller tilgangen til nye digitale system ikkje forsterkar eller held oppe ein uforklart skeiv ressurstilgang mellom gamle og nye universitet (og høgskular).

Vi ser også at samhandling i sektoren - og med randsoneinstitusjonar og praksisfelt – er eit sentralt bidrag til vidare utvikling. Dei strategiske vala ein gjer knytt til digitalisering må såleis ikkje stenge inne, men opne opp for deling av både informasjon og systemressursar, under føresetnad av at ein har trygge kanalar for dette.

### Kva er dei viktigaste grepa for å ta UH-sektoren vidare?

Digitaliseringsstrategien kan ikkje åleine ta sektoren vidare. Arbeidet med ny UH-lov peiker ikkje på store og grunnleggande endringar og digitaliseringsarbeidet må skje i lys av det.

Det er særleg i to retningar at digitaliseringsstrategien kan styrke kjerneoppdraget til institusjonane:

Den eine er i *tid*. Ein kommande digitaliseringsstrategi må i sterkare grad omfatte studerande i alle aldrar og i ulike livsfasar og arbeidsrelasjonar. Det vil krevje både tydelegare strukturar og større grad av mangfald.

Den andre er i *rom*. Globalt tilfang av både kunnskap og kunnskapssøkande tilseier at dei grep ein gjer for å kople desse må vere internasjonale, og dei må vere berekraftige. Ein sektor som skal bygge kunnskap for framtida kan ikkje samstundes ha ordningar som baserer seg på å svekke grunnlaget for denne framtida. Teknologien må invitere til deling, utan at denne delinga føreset omfattande reiseverksemd eller anna ressursbruk som er miljøskadeleg.

### Korleis skal digitalisering bidra til å forenkle, forbetre og fornye høgare utdanning og forskning?

Offentleg utdanning skal vere tilgjengeleg for alle kvalifiserte på like vilkår. I tillegg til normale tenester for den ordinære studenten, er det viktig at alle som har særskilte utfordringar kan oppleve at høgare utdanning er tilgjengeleg. Digitalisering kan og bør vere sentralt for ei slik utvikling.

Strategien må legge til rette for rammer som ser til at både tilsette og studentar kan ta del i utviklingsarbeid i sektoren. Kompetanseheving for tilsette vil vere naudsynt om ein vil ta ut potensialet, og for å kunne vurdere positive og negative sider ved ulike endringar i som følgjer av digitaliseringa.

Dei ulike utdanningsinstitusjonane har ulik tilgang til forskningslitteratur og forskingsresultat. Open tilgang utjamnar desse forskjellane, og studentar og tilsette ved dei ulike institusjonane vert i større grad sikra lik tilgang på kritisk viktig informasjon.

Elektronisk informasjonstilgang må også vera tilfredsstillande og tilgjengeleg i samarbeidsverksemdar: helseføretak, ved forskingsinstitutt, kommunal- og fylkeskommunal forvaltning og elles i mange delar av praksisfeltet, for å sikre kvalitet på tenester og for å gje naturlege overgangar mellom studie, utdanning, forskning og arbeid.

Effektivisering av administrative praksisar bør skje i lys av kva som gagnar kjerneprosessane best. Det er viktig å avpasse omfanget av og kompleksiteten i dei prosjekta ein iverksett i digitaliseringsarbeidet, slik at ein ikkje bind opp store utviklingsressursar i prosjekt med leveranse mange år fram i tid. Der det er mogeleg bør ein sikre delleveransar for å unngå at institusjonane må vedlikehalde gamle system for lenge i påvente av store systemendringar.

Gjeldande digitaliseringsfellesskap i regi av UNIT er tenleg også framover, og kan utvidast for å forhandle fleire avtalar nasjonalt, også andre typar avtalar enn dei som Unit forhandlar i dag. Fleire institusjonar kan inkludrast i forhandlingsprosessane, og nasjonale lisensar kan nyttast av fleire UH-samarbeidsinstitusjonar for å redusere kostnader. Institusjonell berekraft er ulik, og ein situasjon der vi ikkje utviklar nasjonale like vilkår, vil vi sjå som uheldig i arbeidet med å utvikle eit nytt universitet på Vestlandet.

I den pågåande coronasituasjonen har vi sett gledeleg vilje til å dele digitaliseringskunnskap på tvers av institusjonar. Denne viljen må vi utnytte vidare, gjerne til å fylle ei nasjonal teneste for kompetanseutvikling (jfr <https://digitalcapability.jisc.ac.uk/>)

## Målbilete og eventuell endring av desse

HVL har ikkje framlegg til vesentlege endringar i målbileta, men har knytt kommentarar til nokre av dei:

### UTDANNING

Generelt: Det er viktig at strategien er kunnskapsbasert. Vi kan ikkje vedta at innføring av meir digital teknologi fører til forbetring. Dette er noko eventuelt ein kan prøve å finne ut av gjennom bruk og forskning.

Meir bruk av digitale møte vil spara utgifter i samband med reising, og kan gi livslang læring fornya aktualitet. Det vil bli enklare å studere på deltid og ved sida av anna arbeid. Digitaliseringsstrategien kan såleis spele på lag med ny UH-lov, som nettopp peiker på Livslang læring som eit viktig område for utvikling av UH-institusjonane.

MU4	Teknologiske løysingar varierer i kvalitet og er framleis lite nytta. Nye plattformer må opplevast som attraktive og funksjonelle for deling av læringsressursar, slik at lokal og privatisert lagring ikkje vert føretrekt.
Anna MU	Studentar må oppleve at dei får god tilgang til informasjonskjelder uansett kvar dei studerer

## FORSKING

Tilsette i HVL er særleg opptekne av at kommande digitaliseringstiltak må sikre gode høve til å dele og ha tilgang til forskingsdata (MF1 og 2) i tråd med FAIR-prinsippa. Det vert peika på at teknologien ikkje alltid er utfordringa, men at det ligg ei viss frykt i å dele data andre kan nytte til eiga publisering, og soleis redusere høvet til eiga publisering. Det må difor jobbast med regelverk kring incentiv for deling om ein skal få full utteljing av teknologi som gjer deling lettare.

## ADMINISTRASJON

HVL har ikkje innvendingar til eller framlegg om endring av målbileta. Ein er samd i målet om auka standardisering. Det vert peika på utforming av system må skje med brukarperspektiv (ikkje systemeigarblikk), at utrulling av nye planleggast slik at mottakarorganisasjonen kan utnytte nye løysingar så raskt som råd, og med full utnytting av funksjonalitet.

Nye digitale løysingar vil ha potensiale til å endre grunnleggande verksemdsprosessar. Heile ledd i kjeder kan forsvinne. Slike endringar må strategien signalisere behov for å handtere på gode måtar.

## INFRASTRUKTUR OG TRYGGLEIK

HVL har ingen innvendingar til MIMD, og vil streke under at den kommande strategien må vektlegge dette godt. Dette er ryggrada i den systemintegrasjonen ein har sett som mål for arbeidet.

HVL stør MIS-måla, og kommenterer nokre av dei:

MIS1	GDPR må ha ein større plass. Det same gjeld for lagring av data. I tidlegare målbilete er synt til til FAIR-prinsippet i høve data (tilgjengeleg, gjenfinnbart og gjenbrukbart)
MIS2	Auka medvit knytt bruk av gratis-programvare levert av store kommersielle aktørar samanlikna med lisensiert programvare med Feide-pålogging eller ID-portalen.
MIS5	Avklaring i høve bruk av prinsippet Bring your own device (BYOD) for fagtilsette og for studentar. Sikkerheit for brukaren og for systema treng å sjåast i høve GDPR.

### Korleis bør målbilete for samfunnsliv, arbeidsliv og næringsliv vere?

Auka digitalisering og kvalitet i relasjonen til omgjevnadane er sentralt for sektoren og ikkje minst for HVL som ein arbeids- og profesjonsretta institusjon. Ein nasjonal digitaliseringsstrategi må etter vårt syn:

- Opne for samhandling mellom partar - begge vegar (eller fleire i nettverk) - i utdanning, forskning og ikkje minst i innovasjon. Det krev teknologival som ikkje stenger, og prosedyrar som vert oppfatta som enkle nok. Ofte er industristandard godt nok.
- Vektlegge sikker kommunikasjon – partane må stole på informasjonstryggleiken
- Legge til rette for betre Livslang læring – også for grupper med låge digitale kunnskapar og små økonomiske ressursar – basert på profesjonsfaglege premissar
- Auke medvitet knytt til korleis den språklege samhandlinga vert endra når vi brukar digitale verktøy til kommunikasjon

### Digitalisering og overordna strategiske mål

HVL meiner det er viktig at digitaliseringsstrategien opnar og ikkje stenger. Å skulle peike på einskilde tematiske retningar, eller tiltak som grip inn i faglege prioriteringar ser vi som problematisk i det institusjonelle mangfaldet vi inngår i. Det er viktig at strategien både gir rom for universitet med ein tydeleg internasjonal forskingsambisjon, og for eit kommande universitet som har som ambisjon å løfte vidare eit internasjonalt orientert arbeids- og næringsliv i omstilling.

Sogndal 11.mai 2020

For Høgskulen på Vestlandet

*Wiggo Hustad (sign.)*

Avdelingsleiar Organisasjonsutvikling og digitalisering